

# Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
141/2014	Formannskapet	02.12.2014
069/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Sveinung Toft	FE - 121, FA - K72	14/860

## Fråsegn til regional plan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland

*Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og kjem med følgjande merknad til plandokumenta:*

Forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket bør takast ut av plandokumentet, fordi slike prosessar bør legitimerast i andre dokument enn ein fylkesdelplan for Hordaland. Framlegg til lovendring vil og skapa usikkerheit knytt til plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde. Konsesjonssystemet er framforhandla i over 100 år, og er eit finmaska nasjonalt regelverk, og det er viktig med langsiktige rammer for alle aktørane innanfor dette regimet. Denne interesseavveginga som her er nedfelt, bør difor ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltningsplan.

*Behovet for eit statleg overvakingsprogram/ basisovervaking for Fensfjorden bør kome inn i plandokumentet.*

## Formannskapet - 141/2014

### FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FS - vedtak:

*Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og kjem med følgjande merknad til plandokumenta:*

Forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket bør takast ut av plandokumentet, fordi slike prosessar bør legitimerast i andre dokument enn ein fylkesdelplan for Hordaland. Framlegg til lovendring vil og skapa usikkerheit knytt til plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde. Konsesjonssystemet er framforhandla i over 100 år, og er eit finmaska nasjonalt regelverk, og det er viktig med langsiktige rammer for alle aktørane innanfor dette regimet. Denne interesseavveginga som her er nedfelt, bør difor ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltningsplan.

*Behovet for eit statleg overvakingsprogram/ basisovervaking for Fensfjorden bør kome inn i plandokumentet.*

## **Kommunestyret - 069/2014**

### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

### **Røysting:**

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

### **KS - vedtak:**

*Masfjorden kommune viser til vurderinga frå rådmannen og kjem med følgjande merknad til plandokumenta:*

Forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket bør takast ut av plandokumentet, fordi slike prosessar bør legitimerast i andre dokument enn ein fylkesdelplan for Hordaland. Framlegg til lovendring vil og skapa usikkerheit knytt til plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde. Konsesjonssystemet er framforhandla i over 100 år, og er eit finmaska nasjonalt regelverk, og det er viktig med langsigte rammer for alle aktørane innanfor dette regimet. Denne interesseavvegninga som her er nedfelt, bør difor ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltningsplan.

*Behovet for eit statleg overvakingsprogram/ basisovervaking for Fensfjorden bør kome inn i plandokumentet.*

### **Vedlegg**

Høyring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021

### **Underliggende saker:**


#### **Bakgrunn og fakta:**

Det vert vist til brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 30.06.2014 med tilhøyrande vedlegg. Her vert det vist til at fylkesutvalet i Hordaland i møte den 19.06.2014 har gjort vedtak om å leggja Regional plan for vassregion Hordaland med tilhøyrande tiltaksprogram 2016 – 2021 ut på høyring med høyringsperiode 01. 07 - 31.12. 2014. Planen baser seg på eit planprogram som vart vedteke i fylkesutvalet den 29.11.2011. Både dette og eiga sak om vesentlege vassforvaltningsspørsmål har vore på høyring i kommunane tidlegare. Resultatet av desse prosessane, samt lokale tiltaksanalysar og fakta frå den nasjonale kunnskapsdatabasen Vann-Nett er det viktigaste grunnlaget for plandokumenta som no er på høyring. Faktaskildringa nedunder er i stor grad teke frå sakstilfanget til fylkesutvalet sitt møte den 19.06.2014.

Planarbeidet byggjer på Vassdirektivet, som er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande den 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok staten i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskriften gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning.

Det er bestemt at det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11

vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Det vert vist til kart nedunder som viser vassregion Hordaland med dei fem vassområda( Vest, Nordhordland, Sunnhordland, Voss-Osterfjorden og Hardanger):



Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styra og samordna vassforvaltinga og arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å leggje miljømål til grunn for planlegging og verksemd. Arbeidet med utarbeiding av planen har pågått heilt sidan 2010, og arbeidet har vore styrt av fylkesutvalet og arbeidet har skjedd i nært samarbeid med kommunane i Hordaland, samt statlege etatar, næringsliv og ulike interesseorganisasjonar m.fl.

Planen og tilhøyrande tiltaksprogram har status som regional plan og skal vedtakast av respektive fylkesting i vassregionen i løpet av 2015. Departementet skal ha den regionale planen for vassregion Hordaland innan 1. juli 2015 og den skal deretter godkjennast ved Kongeleg resolusjon. Planen skal rulleraast kvart 6. år.

#### **Vasskraftproduksjon:**

Klima- og Miljødepartementet og Olje og energidepartementet har i eit felles brev av 24.01.2014 til alle vassregionane gjeve nasjonale føringar om korleis vassdirektivet skal følgjast opp i vassdrag med vasskraftproduksjon. Målet skal vera å finna balansen mellom miljøforbetringer og kraftproduksjon. NVE og Miljødirektoratet gjennomgjekk i 2013 dei vassdraga der vasskraftkonsesjonane kan reviderast før 2022. Desse vassdraga vart inndelt i fire prioritettingsgrupper. I dei nasjonale føringane er det blant anna understreka at det i hovudsak er dei 50 vassdraga i den høgaste prioritettingsgruppa (1.1) det er realistisk å vurdera tiltak som kan gå ut over kraftproduksjonen. OED har i sitt brev presisert at tiltak som vasslepp/ magasinrestriksjonar i utgangspunktet berre skal leggjast til grunn for miljømål i dei høgaste prioriterte vassdraga (1.1). I Hordaland er det til saman 49 konsesjonar som kan reviderast før 2022, og i alt er 21 vassdrag vorte vurdert. 6 av desse vassdraga er plassert i kategori 1.1 og 4 i kategori 1.2. Det stipulerte krafttapet ved Q 95 minstevassføring i dei prioriterte vassdraga (1.1 og 1.2) er mellom 170 – 320 GWh/ år.

#### **Regional plan for vassregion Hordaland:**

Det viktigaste i den regionale planen er miljømål som ein i fellesskap har kome fram til, og som alle involverte mynde er forplikta til å følgje opp ved å leggje desse til grunn for si planlegging og verksemd.

#### **Tiltaksprogrammet:**

Tiltaksanalysane som er utarbeidd er sett saman til regionalt tiltaksprogram. Tiltaksprogrammet er eit samandrag og gjev ein oversikt over tiltaka for betre vassmiljø i regionen, og i dei ulike vassområda. Det er laga eigne lister med vassførekomstar som viser kva tiltak som er naudsynt og kvifor.

#### **Overvakingsprogrammet (vedlegg til regional plan):**

Overvakingsprogrammet er utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland på bakgrunn av innspel frå kommunar og myndigheiter, og er ein plan over pågående og ønskjeleg overvakning av vassførekomstar i regionen fram mot 2021.

## Tiltaksanalyse:

Fagleg rapport med vurdering av relevante tiltak i vassområdet. Tiltaksanalysen er utarbeida av vassområdet-utvalet med prosjektleiar i vassområdet som sekretær.

## Medverknad

Det har vore 62 lokale og regionale møter i samband med planarbeidet og arbeidet med tiltaksprogrammet. Prosessen er skildra i det godkjente planprogrammet for planarbeidet.

## Kunnskapsgrunnlaget

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning - vann-nett ([www.vann-nett.no/saksbehandler](http://www.vann-nett.no/saksbehandler)). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvakingsdata eller på faglege vurderinger. Fylkesmannen har hatt hovudansvaret for innlegging av data i Vann-Nett, men alle kommunar, sektormynde og forskningsmiljø har bidratt. Vassforskrifta har gitt eit stort kunnskapsløft og gjort kunnskapen tilgjengeleg i ein open database.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan ein ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typer forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen.

## Innhald i planen

### *Regional plan*

Den regionale planen for vassregion Hordaland (vedlegg 1) set miljømål for 1803 vassførekomstar i Hordaland. Miljømåla er sett etter vassforskrifta sin §4-6. Unntak frå standard miljømål er satt etter § 8-11. Den regionale planen legg føringar for miljømåla som skal vere nådd. Frist for å nå standard miljømål er for nokre vassførekomstar utsett til seinare planperiodar.

Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn Over halvparten av vassforekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd. For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekomstar i Hordaland. Alle dei 971 vassførekomstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

### *Tiltaksprogram*

For å nå miljømåla er det laga eit regionalt tiltaksprogram. Tiltaka skal bidra til å sikre eller oppnå god miljøtilstand for vassdrag, kystvatn og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for betre vassmiljø i innsjøar, vassdrag, kystvatn og grunnvatn i vassregion Hordaland. Problemkartlegging er eit vanleg tiltak. Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulempar ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost-nytte-vurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan. Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Totalt har tiltaksprogrammet 912 tiltak med denne fordelinga på vassområde og kystvatn, innsjøar, vassdrag og grunnvatn, sjá tabell nedunder:

Vassområde	Tal tiltak	Kyst	Innsjø	Elv	Grunnvatn
Vest	300	23	73	204	1
Nordhordland	127	34	49	57	
Sunnhordland	114	23	20	71	1
Voss - Osterfjorden	123	6	61	56	

Hardanger	231	19	50	162	2
<b>Sum tiltak</b>	<b>912</b>	<b>105</b>	<b>253</b>	<b>550</b>	<b>4</b>

Tiltak fordelt etter påverknadstype, sjå tabell nedunder:

Påverknad	Vest	Nordhordland	Sunnhordland	Voss-Osterfjorden	Hardanger
Vasskraft	17	15	19	54	119
Landbruk	59	72	55	14	21
Industri	4	4	11	2	11
Spreidd avlaup	54	38	22	15	12
Framande artar		8	5		3
Fiskeoppdrett	2	1	1	16	
Anna punktkjelde		3		2	
Vassuttak	4	1			
Sur nedbør	6	1		2	
Søppelfyll./deponi	11	2		6	
Anna forureining	7	1		4	
Anna påverknad	18	4			57
Kommunalt avløp	2				9
Transport/ infrastr.	10				
Spelvatnlekkasje	37				
Vassresorvar	2				
Utslepp fritidsbåtar	1				
Massedeponi	2				
Urban avrenning	19				
Bekkelukking	13				
Vegkulvert			2		

Tabellen under viser talet på vassførekomstar i dei ulike vassområda der det er føreslått tiltaksovervaking (T) og problemkartlegging (P).

Vassområde	Elv – T	Innsjø – T	Kystvatn-T	Elv – P	Innsjø – P	Kystvatn-P
Nordhordland	41	28	8	13	13	9
Voss - Osterfjorden	19	17	0	25	29	5
Vest	76	56	19	36	29	6
Hardanger	50	14	8	22	16	3
Sunnhordland	24	27	6	9	3	5

### Masfjorden spesielt:

I punkt 5.4 i tiltaksprogrammene og i kap 6.2 i vassregionplanen er oversikten over Nordhordland vassområde vist. Følgjande hovudutfordringar er her sett:

- Ubåtvaket på Fedje
- Punktutslepp frå industri
- Vasskraftregulering
- Utslepp frå diffuse kjelder – avlaup/ landbruk
- Blågrøne alger
- Sårbare arter

I Masfjorden kommune er det i Sleirvatnet mellom anna føreslått utlegging av gytegrus. I Stordalsvatnet er det føreslått tiltak med reinseanlegg med strenge reinsekraav i klasse A, og i Holmevatnet, Hjortetjern og Hestevatnet m.fl. er det føreslått problemkartlegging knytt til regulering. I mange elver i Masfjorden er det kartlagt negativ påverking av lakselus/ rømt fisk på anadrom fisk. For Matreselva står det at god økologisk tilstand ikkje er

realistisk, og det vert vist til vilkårsrevisjon kan vera aktuelt, der minstevassføring er eit tema. På side 40 i plandokumentet er krafttapet ved revisjon i Matre stipulert til under 5 GWh/ år.

Matrevassdraget i Masfjorden er eitt av dei vassdraga som har hamna i høgaste prioritet (1.1) og som også er prioritert i kategori 1 i vassområdet for Nordhordland og i vassregionplanen.

### ***Handlingsprogram***

I vassregion Hordaland er det ikkje laga forslag til handlingsprogram enno. Dette skuldast blant anna at det tidligare er signalisert at tiltaksprogrammet kunne gjelde som handlingsprogram. Det kom 9. mai 2014 e-post frå Miljødirektoratet kor dei ber om at eit eget handlingsprogram blir hørt og blir vedteke samstundes med regional plan og tiltaksprogram. Denne avklaringa kom så seint at det ikkje var mogleg å lage forslag til handlingsprogram før fylkesutvala sende dei andre plandokumenta for vassregionen på høyring. Det kjem derfor eiga sak seinare til fylkesutvalet om handlingsprogram for vassregion Hordaland.

### ***Nye verkemidlar nasjonalt***

Planarbeidet har vist at det nasjonalt er behov for nye verkemidlar, og følgjande område er prioritert i kap. 7 i tiltaksprogrammet.:

1. Auka statlege midlar og heimel for opprydding av miljøgifter
2. Verkemidlar i landbruket som reduserer forureininga til vassdrag og sikrar kantvegetasjon
3. Forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for alle konsesjonar, med forslag til lovendring for å få til dette. Innkalling og omgjering etter vassressurslova § 28 og 66 vert rutine.
4. Nasjonal handlingsplan på vassforvaltning med fokus på statens si rolle, verkemiddel og ressursbruk.

Vidare er overvaking av vassførekommstar eit satsingsområde og i overvakingsprogrammet er vassførekommstane lista opp.

### ***Vurdering:***

Det er viktig med kunnskapsbasert vassforvaltning, og det regionale dokumentet som her er på høyring er eit tungt dokument med mykje fakta og tunge faglege vurderingar knytt til dette. Plandokument har vore gjennom lange prosessar, og den pågående høyringsrunden er viktig for å kvalitetssikra dokumentet før det vert slutthandsama i fylkestinget våren 2015.

Masfjorden kommune har mange vassdrag med anadrom fisk, og desse er etter rådmannen si vurdering vorte ivaretake på ein tilfredstillande måte i vassregionplanen.

Sjølv fjordbassenget i Fensfjorden kunne etter rådmannen si vurdering vorte drøfta meir, mellom anna fordi det i Fensfjorden er store utslepp frå den tunge oljeindustrien med tilhøyrande infrastruktur rundt. Behovet for implementering av eit statleg overvakingsprogram/ basisovervaking her bør drøftast meir i plandokumentet.

For ein kraftkommune som Masfjorden er det særleg spørsmål om kva konsekvensar føringar i vassregionplanen vil ha for dei regulerte vassdraga når dei vert omfatta av revisjonar. Forslaget om lovendring, for å kunna innføra standardvilkår for alle konsesjonar, bør etter rådmannen si vurdering drøftast grundigare før dette vert teke med i det endelige plandokumentet. Det same gjeld ønskje om at innkalling og omgjering av konsesjonar etter vassressurslova § 28 og § 66 vert rutine. Rådmannen meiner i utgangspunktet at forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket ikkje bør koma med i ein regional plan for vassforvaltning. Grunngjevinga for det er at slike prosessar bør legitimerast i andre dokument enn ein fylkesdelplan for Hordaland, og at det vil skape usikkerheit knytt til heile plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde. Konsesjonssystemet er framforhandla i over 100 år, og er eit finmaska nasjonalt regelverk, og det er viktig med langsigtige rammer for alle aktørane innanfor dette regimet. Denne interesseavveginga som her er nedfelt, bør ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltningsplan.

Matrevassdraget i Masfjorden er eitt av dei vassdraga som har hamna i høgaste prioritet (1.1) og som også er prioritert i kategori 1 i vassområdet for Nordhordland og i vassregionplanen. Føringa frå departementet legg vekt på at det skal takast omsyn til både regulerbar kraft, og andre samfunnsgode som vasskrafta gjev, og verdien av eit forbetra vassdragsmiljø. Å drøfta nasjonale føringar meiner rådmannen i mindre grad er naudsynt i denne høyringsrunden.

Småkraftverk er i liten grad drøfta i denne planen, og her vil fylkesdelplanen for småkraftverk vera førande i stor

grad. Dette meiner ein kan takast til etterretning.

## Konklusjon

Forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket bør takast ut av plandokumentet, fordi framlegg til lovendring vil kunna skapa usikkerheit knytt til plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde. Konsesjonssystemet er framforhandla i over 100 år, og er eit finmaska nasjonalt regelverk, og det er viktig med langsiktige rammer for alle aktørane innanfor dette regimet. Denne interesseavveginga som her er nedfelt, bør difor ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltningsplan.

Behovet for eit statleg overvakningsprogram/ basisovervaking for Fensfjorden bør kome inn i plandokumentet, sidan dette fjordbassenget betyr mykje både for andre næringsinteresser knytt til fiske og akvakultur, og har stor verdi for friluftsliv og biologisk mangfald.